

INFORMASJON


HYRDINGRØYSTA

NR 3/2025

SEPTEMBER

Grunnlagt 1938

86. årgang



Kinn
Songen ved det
store djup.

Frå redaksjonen

UTEGUDSTENESTE



Det ligg ukueleg optimisme i å annonserare utegudsteneste her på vår flekk på jorda. Ikkje berre ei, men tre utegudstenester, tre søndagar på rad – i juni månad! Det gjekk som det måtte gå; alle tre vart innegudstenester.

Først ute var Dvergsdalsstøyla. Søndagen kom med bygever, og arrangørane tok ikkje sjansen på å vere ute, så dei knapt 20 frammøtte benka seg inne i det rommelege, trivelege selet til Steinar og Solrunn Dvergsdal. Der heldt Geir Sørebo ei fin og humoristisk preike, og heile stunda var prega av trivnad og stemning. Den flotte, raude messehakelen fekk mykje merksemd. Steinar tykte han var for lite brukt, så han hadde overtala presten til å bruke han denne dagen – på same måte som dottera Silje hadde brukt han på Hamnanova nokre år tidlegare.

Søndagen etter var det Sanddalen sin tur. Underteikna valde å sykle dit, då det var god temperatur og sommar i lufta. Ei kraftig regnbye på vegen markerte tydeleg at utegudsteneste var utelukka denne dagen òg. Arrangørane hadde optimistisk nok laga til bord og stolar ute, men måtte kapitulere i siste liten, og vi enda opp i eit hyggeleg rom i andre etasje i grendahuset, som før var skulehus. I mangel av eigen sokneprest fekk dei rundt 20 frammøtte denne dagen besøk av sokneprest i Kinn, Erling Bakke Nydal. Han heldt ei fin preike, og grendalaget diska opp med forseggjort, heimelaga mat til kyrkjecaffien. Det vart ei regnbye på heimvegen òg.

Tredje søndagen vart det innegudsteneste i sperrestova på Kjøsnesheugen. Stova romma greitt dei ca.30 frammøtte, og presten var denne gongen

Jorunn Knapstad, som vart ordinert som 70-åring. Sprekt gjort. John Oddvar Kandal spelte fele til preludium og postludium, og på oppmoding heldt han ein liten intimkonsert med vakre tonar etter preika. Også her var det godt utval i heimelaga mat til kyrkjecaffien, og kyrkjelyden vart sitjande lenge etter at gudstenesta var over. Det er noko med eit mange hundre år gammalt bygg – det har ein eigen atmosfære, freden senkar seg, og ein kjenner på at «her er det godt å vere».

Slik gjekk det med utegudstenestene denne gongen, men det er ikkje snakk om å gje opp! Det finst knapt finare stunder enn å feire gudsteneste ute i Guds frie natur, når sola skin og sommaren er på sitt vakraste. Vi har hatt mange slike, og vil nok oppleve dei att. Det er berre om å gjere å ha gode alternativ, slik ein hadde desse tre søndagane.

Så må det nemnast at den annonserte utegudstenesta i gapahuk i august vart flytta til kyrkjesenteret. Neste år kan bli betre!

Eit lite hjartesukk: Underteikna ønskjer seg fleire nynorske salmar i gudstenestene i nynorskbygda Jølster. Dei har det vore få av – kvifor? Vi har så mange fine, nynorske salmar, men gudstenestene inneheld fleirtal av bokmålssalmar – av og til berre slike.

Det er òg eit ønske at barnegospel syng nynorske tekstar. Det handlar om å gjere barna medvitne på at nynorsk er «morsmålet» for dei som veks opp her i nynorskland.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57 82 81 80

epost: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Bjørn Harald Haugsvær ☎ 480 07 375

Ålhus sokn:

Annette Slåtten ☎ 971 21 363

Helgheim sokn:

Hildegunn Huus ☎ 417 58 462

Fungerande sokneprest

Geir Sørebo ☎ 957 29 172

epost: god-s@online.no

Kantor

Rune Molvik ☎ 991 27 430

epost: rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kyrkjelydspedagog

Silje Sørebo ☎ 473 99 492

epost: silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Trusopplærar: Gerd Sunde Førde

epost: gerd.forde@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdag kl. 9-15

epost: post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

epost: sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje og økonomileiar

Trond Herlø Sund ☎ 489 58 086

epost: trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar

Ingvar Vagstad ☎ 911 38 732

epost: ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar/driftsleiar

Helge Årdal ☎ 976 49 016

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Ålhus kyrkje/Vassenden kyrkjesenter

Kyrkjetenar/reinhald:

Aman Beyene ☎ 998 65 659

Klokkar dugnad etter liste

Helgheim kyrkje

Kyrkjetenar/Klokkar:

Solrunn Dvergsdal og Karen Elise Erikstad

Reinhald: Aman Beyene

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

Emil Vestergård Clausen, sommarmvikar i Sunnfjord



For andre året var prestestudenten sommarmvikar i Sunnfjord. Emil har eitt år att av prestestudiet. I Danmark må ein vere ordinert for å fungere som prest. I Noreg kan ein vikariere som prest medan ein studerer.

Søndag 10.08 heldt han gudsteneste på Vassenden kyrkjesenter. Han gjennomførte gudstenesta på ein framifrå måte.

Eg spurde han: Du veit vel at det er ledig prestestilling i Jølster? Kan det vere aktuelt for deg?

Han svarde at han skulle reise attende til Danmark måndag. Han ville no konsentrere seg om å ferdigstille prestestudiet. Men sa vidare: «jeg ser frem til at komme til Jølster en anden gang.»..

Steinar Dvergsdal

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert send ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonserørnen støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225.

Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com

Neste utgåve
kjem i desember

FRIST

Frist for stoff til
Hyrdingrøysta i 2025:
Julenr.: 20. november

Andakt

EMIL VESTERGÅRD CLAUSEN
Sommarvikar i Sunnfjord

I Faderens, Sønnens og Helligåndens navn, Amen.

Dagen etter 7. oktober, da Hamas begikk sitt fryktelige terrorangrep i Israel, lød det gledesrop i Københavns gater. En folkemengde marsjerte frem, mange maskerte og med romerlys og Palestina-flagg i hendene. Under opptoget stoppet en gruppe og avfyrtte fyrverkeri midt på veien, til stor fornøyelse for de andre demonstrantene. Det var ikke bare ulovlig, men direkte uforsvarlig. Flere av rakettene ble skutt horisontalt, og noen traff en kirke. De knuste glasspaneler med et motiv av den korsfestede Jesus i inngangspartiet. De fargede glassbitene fløy til høyre og venstre og helt inn i kirkerommet. Morgenen etter kunne den lokale presten med stor sorg se håndfaste bevis på gleden hos en gruppe mennesker over andres grusomme lidelser og død.

Jesus-motivet lå knust på gulvet. Hans legeme var brutt i tusen biter. Hvordan kan mennesker feire noe så fryktelig? Kanskje vi selv kjenner svaret.

Det ligger i menneskets natur å søke hevn for urettferdigheter. Og hvis palestinere og andre sympatisører føler at Palestina har blitt utsatt for noe, ja, da er det urettferdighet. Når ens religion til og med foreskriver «øye for øye og tann for tann», blir det bare mer akseptabelt og forståelig å glede seg over at urettferdigheten får konsekvenser.

Det er imidlertid ikke bare i Koranen at prinsippet om gjengjeldelse gjelder. Som vi vet, står den samme loven nedskrevet i Mosesloven: Toraen, jødernes hellige skrift: «Øye for øye og tann for tann».

Siden brøt krigen i Gaza ut, og mange av Vestens jøder har åpenbart, om enn ikke like tydelig i Københavns gater, også gledet seg over denne. Blod, skrik, død. Død, skrik, blod. For meg en nesten ustoppelig bevegelse av blodhevn. Det er som en skogbrann som sprer seg og sprer seg. De sterke følelsene har spredt seg helt til Norden. Hvor skal alt dette ende?

«Døm ikke, så skal dere ikke bli dømt. Fordøm ikke, så skal dere ikke bli fordømt.

Tilgi, så skal dere få tilgitt», slik lyder Jesu ord til oss i dag. De kommer i forlengelse av det direkte motsatte av gjengjeldelsens prinsipp, som vi kan lese i Matteusevangeliet. Her sier Jesus: «Dere har hørt det er sagt: Øye for øye og tann for tann. Men jeg sier dere: Sett dere ikke til motverge mot den som vil dere noe ondt. Men om noen slår deg på høyre kinn, så vend også det andre til.»

Jesu ord kaster lys over krigens store hvordan. Hvordan ser løsningen ut? Ikke bare i Midtøsten, men i alle kriger – store og små. De vi selv utkjemper hver dag. Hvis vi mennesker skal leve sammen, må vi forstå at det onde ikke bare finnes hos de andre, men også hos oss selv. Som Jesus sier: «Hvorfor ser du flisen i din brors øye, men bjelken i ditt eget øye legger du ikke merke til?» Ordene treffer oss alle i hverdagen med hverandre. Palestinare, jøder, deg og meg. «Hvorfor skal jeg være barmhjertig mot den andre?» Fordi jeg selv er skyldig! Jeg er selv skyldig og trenger tilgivelse. Derfor skal jeg være barmhjertig mot mine medmennesker.

Ordene er harde. Hver gang jeg bygger meg opp til et godt og storslått menneske, river de meg ned. De slår som en tung hånd mot hovmodet, selvgodheten og hykleriet, der jeg dømmer mitt medmenneske og samtidig frikjenner meg selv. Gjør meg selv til Herre. Vi mennesker er mestere i å omskrive Paulus' ord slik: «Det gode jeg vil, det gjør jeg. Men det onde jeg ikke vil, det gjør de andre.» Men så kommer Jesu ord oss til unnsetning. For en utenforstående kan det virke altfor selvanklagende, ynkelig og til og med farlig å oppfatte seg selv som skyldig. Men de ser ikke helheten. Jovisst, Guds ord slår hardt i dagens tekst, men den troende ser Guds milde blikk bak hans tunge hånd. Det er et fellesskap i skylderkjennelsen. Vi er alle i samme båt. Og den kan bare seile frem så lenge vi kan snakke med hverandre.

Vi trenger ikke gå lenger enn tusen år tilbake i tid for å støte på det samme blodhevnprinsippet i vår del av verden, som vi ser rettferdiggjort i Midtøsten og hyllert av noen her i Vesten. Det er bare å slå opp i de island-

ske sagaene for å lese om hele familier som går under. Det ene mordet avløser det andre. Men så kom kristendommen. Og Jesu ord om å se innad, om tilgivelse, nestekjærighet og barmhjertighet fant gjenklang.

I filmen «Shadows» undersøker den danske dokumentaristen Anne Gyrith Bonne konflikten i Midtøsten med fokus på hindringene på veien mot fred. Hun stiller spørsmålene: «Hvordan kan skygger brytes?» og «Hvordan kan man forhindre at dagens ofre blir morgendagens gjerningsmenn?» I filmen intervjuer hun den dansk-israelske rabbineren og overrabbineren her i Norge, Michael Melchior. Hans bud på fred starter med å gi plass.

Man må ta tre skritt tilbake, så det blir plass til den andre. Så det blir plass til at freden kan bre seg. Å ta tre skritt tilbake, sier han, er det motsatte av en selvhævdende posisjonering som fordømmer alt som er annerledes. Hvis vi gir plass til dem vi er uenige med i noen henseender, finner vi lettere et stædet der vi kan samles om det vi er enige om.

Det tror jeg er et godt sted å starte. Ja, det høres nesten ut som konsekvensen av evangeliets ord i dag.

«Din hykler! Ta først bjelken ut av ditt eget øye! Da vil du se klart nok til å ta flisen ut av øyet til din bror.»

Må Jesu ord treffe dypt inn i våre hjerter. Ikke for at vi skal slå oss selv i hodet med dem, men for å forstå at vi ikke har noen rett til å heve oss over andre, og at vi skylder våre medmennesker både barmhjertighet og kjærighet. Og må de som gikk i gatene for å feire terrorangrepet 7. oktober, og de på begge sider av konflikten som bare ser flisen i sin brors øye, men ikke bjelken i sitt eget – må de få se Kristus-motivet, som ble knust i tusen stykker i en københavnsk kirke, samle seg for deres øyne. Må Jesus selv rive ut bjelken fra deres blikk og la sitt lys skinne inn i deres bevissthet, så de kan se veien til forsoning og fred.

Amen.

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Møte med eit dikt

Denne gongen er det Endre Hope som presenterer eit dikt han set pris på. Endre har vakse opp i Hjelmbrekkefeltet. Han utdanna seg til forskalingssnikkar, seinare har han teke teknisk fagskule, praktisk-pedagogisk utdanning og treårig utdanning som branningeniør. Han bur no på Karmøy og arbeider som driftsingeniør i kommunen der.



Tekst: ENDRE HOPE

Då eg vart bedt om å skrive eit stykke om ein song, så tenkte eg først på "Fløytelet" av Jakob Sande. Den treffer meg veldig med si skildring av livet frå barn til gammal, og tanken om å døy. Men når eg fekk tenkt meg om, så kom eg på ein song som går endå meir inn i dette, og i tillegg tar inn kva ein etterlet seg. Eg valde då "Brighter Side of Grey" av Five Finger Death Punch. Dette er også litt for å introdusere musikk som kanskje ikkje er overrepresentert i dette forumet.

Som far hører eg «Brighter Side of Grey» som eit farvel, ein refleksjon over livet og kva eg ønskjer å etterlate til mitt barn – ikkje berre materielle ting, men verdiar, minne og kjærleik. Songen uttrykker ei djup bevisstheit om at livet er kort, og at vi alle ein dag skal døy. Men det handlar ikkje om frykt for å døy – det

handlar om håp, og å overføre det beste av seg sjølv. Teksten er skriven på ein måte som gjer at ein kan stille seg til han med ulike innfallsvinklar, ikkje berre som forelder.

Når vokalistene syng om å bli hugsa for sine beste sider, tenker eg på korleis eg vil at mitt barn skal hugse meg: ikkje som perfekt, men som nærverande, støttande og ærleg. Teksten i songen kan tolkast som ein beskjed til barnet mitt – at uansett kva som skjer, så var kjærleiken ekte, og at det finst lys sjølv i dei mørkaste augeblikk.

Songen minner meg også på å vere takknemleg for kvar dag eg får med barnet mitt, og å ikkje ta noko for gitt. Den oppfordrar til å leve med intensjon, og til å vise kjærleik medan ein har sjansen. Som agnostikar tillèt eg meg eit smil med tanken på moglegheita for å kunne møtast att på andre sida.

I'm writing this in case
I'm gone tomorrow
I'm writing this in case I
've moved along
There's something
that I hope you'll remember
That life is not a game, it's a song

So take the best parts of me
Locked away without the keys
And know that I'm
forever by your side

When the lights go down
Know that I am never far away
When the sun burns out
I'll be waiting on the
brighter side of grey

If you're reading this,
I know you're feeling sorrow
If you're hearing this,
I know you're probably scared
Just know that all the things
you want are borrowed
And all you get to keep
is all you've shared

So wipe away the tears for me
Know that we've made history
Remember no one ever really dies

When the lights go down
Know that I am never far away
When the sun burns out
I'll be waiting on the
brighter side of grey

When the lights go down
Know that I am never far away
When the sun burns out
I'll be waiting on the
brighter side of grey

Frå grasrota

I dette nummeret startar Hyrdingrøysta ei ny, fast spalte: Frå grasrota. Her vil vi gje plass til alle som på ein eller annan måte forvaltar jorda og ressursane som Vårherre har gitt oss så rikeleg av. Først ute er vår lokale filosof, Jan Arne Flugekvam, med tekst og bilete. Vi tek gjerne mot tips til bidragsytarar!

No er eg endeleg blitt app-bonde.



Eg hadde nesten bestemt meg for å avvike sauehaldet. Manglande gjerdehald er eit stort problem for alle som har beitedyr som får komme ut av fjøsen om sommaren...

Det at talet på bønder vert mindre, vil logisk tilseie at det vert mindre dyr i utmark, som igjen vil føre til at dyra kan gå langt før dei møter andre dyr (dyr frå andre besetningar fungerer nesten som eit gjerde).

Eg har prøvd i mange år å få dyra til å gå på rett plass, men det har ikkje lukkast, motet og besetninga har vorte kraftig redusert år for år.

Eg tok kontakt med Nofence, fekk fantastisk og truverdig informasjon, var med på webinar, men som sunnfjording måtte eg ete før eg bestemte meg.

No har sauene gått på opplæring med klaven i ca. to veker, og det ser ut til at alle har lært systemet.

Systemet enkelt forklart: ein teiknar inn beiteområdet på kart, so lastar ein beiteområdet til klaven som kvar sau har. Når sauene nærmar seg grensa, får dei lydsignal i nokre sekund. Endrar ikkje sauene retning, vil dei få eit straumstøt. Sauene lærer fort, dei snur når lydsignal kjem.



Ein har full kontroll på kor dyra er, og vert dei sjuke, går aktiviteten ned og ein får eit varsel med posisjon på app'en,

då er det enkelt å finne da sjuke dyret.

So langt er dette eit skikkeleg hms-tiltak, då bonden

forhåpentlegvis kan gå ein andøgelause sommar i møte.

Krematorium til Sunnfjord?

Lesarar av Helg og Heim kan ha sett denne overskrifta i Firda, eller høyrte omtale av dette i media. Skal det verkeleg byggjast krematorium i Sunnfjord? Kven har i tilfelle ansvar for det? Og, er det behov for eit krematorium i vår region? I denne artikkelen skal vi freiste å gje nokre svar på dette.

*Tekst: Sissel Vartdal,
kyrkjeverje i Sunnfjord*

Livssynsnøytralt seremonirom

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd er lokal gravplassmynde i kommunen vår. Det betyr at det er fellesrådet v/kyrkjeverja som forvaltar gravplassane og syter for at alle får ein gravstad. Gravplassforvaltninga er slik sett livssynsnøytral; innbyggjarane har like rettar til ei grav uavhengig av medlemsskap i Den norske kyrkja. Dødsraten vil stige dei neste tiåra, når det mykje omtalte eldrebølga slår inn. I Førde er dette merkbart ved at talet på gravferder stig år for år. I takt med dette er og gravferdsskikkane i endring, ikkje alle vel ei kyrkjeleg gravferd. Fellesrådet har difor over fleire år løfta behovet for å etablere eit livssynsnøytralt seremonirom, for dei som ønskjer eit alternativ til kyrkjerommet som ramme for avskjed med sine nære og kjære.

Auke i kremasjonsprosent

Mange fleire enn før vel kremasjon, også her i Sunnfjord. I 2023 utgjorde kremasjon ca. 20% av alle gravferder i kommunen. Framskrivingar viser at kremasjonsprosenten i Noreg vil ligge på rundt 50 % allereie i år. Og den vil stige enda brattare etter det. Om SSB sine framskrivingar



Det er langt opp og fram, men eit krematorium vil vere eit signalbygg i området - og gjenstand for ei arkitektkonkurranse. Slik ser eit av dei nyaste krematoria i landet ut: Ålesund krematorium (2011).

slår til vil kremasjonsprosenten i 2060 vere på mellom 80 og 85% – som betyr at nær 50 000 vil ønskje kremasjon årleg. I dag er kapasiteten 28 000 på landsbasis. Situasjonen i Vestland er slik at folk i nord-fylket kan velje kremasjon i Ålesund, medan folk i sør-fylket vel Bergen. Dette vil likevel ikkje vere tilstrekkeleg når ein ser framover. Eit krematorium i Sunnfjord vil kunne tilby kremasjon for heile Sogn og Fjordane. Fellesrådet har difor oppmoda Sunnfjord kommune om å vurdere etablering av krematorium i Førde. Med folks endra haldning til kremasjon, auke i gravferder framover og eit aukande medvit om å ikkje ta i bruk meir naturareal enn naudsynt, meiner fellesrådet at planane om krematorium bør intensiverast.

Kven tek rekninga

Krematorium og livssynsnøytralt seremonirom er no omtalt i kommunens planar, men ikkje prioritert i denne perioden. Det ligg altså ikkje økonomi i det-

te frå kommunen si side enda, men omtale av saka er ein god start. Det er heller ikkje gitt at kommunen skal bere kostnaden, det pågår eit statleg utgreiingsarbeid om framtidig finansiering av krematoriebygging. Kommunen har eit ansvar for at det er nok gravplassareal, men dei har ikkje p.t. eit lovpålagt ansvar for å bygge krematorium. Kven som skal ta rekninga er difor uklart. Tidlegare trus- og livssynsminister Kjersti Toppe var klar over kapasitetsutfordringa for krematoria. Med bakgrunn i den ferske rapporten «Samfunnets behov for krematorier og kjølerom» - ein rapport utarbeidd av Hovudorganisasjonen KA på bestilling frå Barne- og familiedepartementet, blir det no sett i gang eit lovarbeid som kan avklare ansvar og kostnader for framtidig krematoriebygging.

Krematorium – noko folk vil ha?

Framskrivingane til SSB syner ein trend, som og vil gjere seg gjeldande i Sunnfjord. Fellesrådet

ønskjer likevel å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag med desse spørsmåla: kva er det konkrete behovet i vår region, kva vil det koste å byggje og drifte eit krematorium, og kor stor kremasjonsprosent må vi ha for at dette skal vere lønnsamt. Fellesrådet ønskjer vidare at dei omkringliggjande fellesråda kan arbeide opp mot sine kommunar, først og fremst med omtale og medvit om saka. Om dette skal realiserast, må det bli eit felles prosjekt for heile regionen. Målet må vere å realisere prosjektet med ein tidshorisont på 10 år.

Samfunnsoppdraget

Kyrkje og kommune har eit felles samfunnsoppdrag: Å møte folks behov med relevante og gode tenester. Livssynsnøytralt seremonirom i kombinasjon med krematorium er midt i kjernen av dette, og om ikkje dette er eit folkekrav i dag, vil det vere i tråd med folks ønskjer.

Kyrkjelydstur til Ørsta

med vitjing i Ivar Aasen-tunet, og samling om nynorsk salmediktar Anders Hovden i Ørsta kyrkje

Laurdag den 23.august var kyrkjelydane i Jølster inviterte til å vere med på kyrkjelydstur. Tema for turen var 100-årsjubileum for Nynorsk salmebok.

Det var 30 som vart med på turen, som starta frå Skei kl. 07.30 med kurs for Ørsta.

For dei som var med, vart det ein fin tur, der ein først vitja Ivar Aasen-tunet/senteret som fortalde si historie om Ivar Aasen sitt liv og dikting. Deretter køyrde vi til Hotell Ivar Aasen og fekk oss middag og kaffi, eit hotell med god service og god mat.

Hovudmålet for turen var historia om salmediktaren Anders Hovden. Den historia vart meisterleg framført av tidlegare prest i Jølster, Svein Kvamsdal, i Ørsta kyrkje. Organisten

i kyrkja stilte spontant opp, etter å ha spela i ei vigsle, så vi hadde tonefølgje til dei nynorske salmane vi song.

Turen var framifrå tilrettelagt av Steinar Dvergsdal, Solrunn Dvergsdal, Astrid Årdalsbakke Feldt og sjåfør Vidar Feldt.

Vi vonar å få til turar fleire gonger, og tek gjerne imot forslag.

*Tekst: Hildegunn Huus,
Bilde Steinar Dvergsdal*



Songkveld i Kinnakyrkja

På ein biltur innom Nordfjord og Sunnmøre jonsokdagen, fekk vi brått melding om at det skulle vere songkveld i samband med tidebøn i Kinnakyrkja same kveld. Det var ei impulsiv handling frå arrangørane si side: ein frivillig omvisar i kyrkja (han guidar kvar dag heile sommaren) og dei tre døtrene hans! Dei ville markere at det i år er hundreårsjubileum for den første nynorske salmeboka, med å berre synge nynorske salmar i samband med den vanlege tidebøna. Dette ville vi bilturistar vere med på, så vi køyrde frå Ørsta, via Volda-Folkestad og Stårheim-Isane, til Florø og tok båt til Kinn. Der vart vi møtt av ein sær sars entusiastisk kyrkjeguide, som engasjert og interessant fortalde om den staselege steinkyrkja frå 1100-talet, om kva som var opphavleg og om restaurering i fleire omgangar.

Då vi kom til tidebøna/songkvelden, var det ingen tvil om at tilskipinga var ordna på kort varsel: Vi

var ti personar i kyrkjerommet! Men dei nemnde tre døtrene var gode songarar, og organisten var på plass, så songen vart bortimot mektig. Mellom songane las ei av døtrene, som òg er prest, Pilgrimsbøn på Kinn og Marias lovsong: Lukas 1, 46-55.

Det er høgtid å vere på øya Kinn ute i havgapet, og høgtid å synge i Kinnakyrkja.

Sjølvsagt var alle salmane på nynorsk denne gongen. No har vi ei felles bok for salmar på nynorsk og bokmål. Det bør fungere fint, og salmar som har både nynorsk- og bokmålstekst, vert sungne på nynorsk i kyrkjene i Jølster.

Vi kan sjå fram til at den 1.november syng vi berre nynorsksalmar i kyrkjesenteret.

Tekst og foto: Ingrid Søyland



«Der himmel og hav møtest»

Fleire hundre feira Seljemannamesse 2025 i strålende ver.



Tekst og foto: Steinar Dvergsdal

Biskop emeritus Halvor Nordhaug, prost, 8 sokneprestar, kor og messingensemble serverte Seljemannamesse av første klasse. Mellom desse var sokneprest i Gloppen, Vidar Bjortveit.

Det dryssa velformulerte sanning-sord over ein mottakeleg folkehop i klosterruinane. «Der himmel og hav møtest». «Steinane sjølve vitnar om tru». «Tusenvis av bønner har stige opp frå denne plassen». «Største utfordringa for kyrkja i dag er at dei som trur held munn».

Korsong og messingblåsarar gav magisk gjenklang i dei tusen år gamle klostermurane.

«Du er mi øy i havet, Gud, ei stø for mine føter». Allsongen gav tydeleg ekko frå fjella. Skulle nesten tru at songen var skriven til klosteret på Selja. Men han har sitt opphav på andre sida av storhavet, slik St. Sunniva hadde det før ho la ut på havet utan årar og dreiv i land på Selja.



Selja fekk det første klosteret i landet i 1100. Dette vart det første pilgrimsålet i Noreg. Selja var bispe-sete frå 1068.

Deltakarane forlét Selja med den gode kjensla av å vere ein lekk i ei lang kjede..

Markering av 100-års jubileum for nynorsk salmebok på Vassenden kyrkjesenter

Laurdag 1. november kl. 14.00.



I 2025 er det hundre år sidan Nynorsk salmebok vart gjeven ut. Den nynorske salmeboka fekk svært mykje å seie for nynorsk som kyrkjemål og for nynorsken som samsfunnsberande språk. I Jølster markerer vi dette jubileet med besøk frå

leiar i Bjørgvin bispedømmeråd Oddny Miljeteig, tidlegare politiker og mangeårig forkjempar for nynorsken. Det blir også musikkinnslag, allsong med nynorske salmar, både gamle og nye og kaffi med noko attåt.

Arrangementet er eit samarbeid mellom Jølster mållag, Jølster litterære folkeakademi og kyrkja i Jølster.

Konsert med Julesong

JULESONG 2025 kjem til Helgheim kyrkje, laurdag 29.november kl.18:00

- Eit pust i bakken i ei trav-el førjulstid. Julekonsert med Einar Bolstad, Kari Malmanger og Gunn Kvaale. Julesong har heile 10 år bak seg med fulle hus på julekonsertane sine rundt om i Sogn og Fjordane. "Kremlaget" på scena kjenner du nok att frå tidlegare julekonsertar, og ikkje minst TV-programmet "NRK Julelutt" som vart vist på NRK, julaften 2014.

Einar, kjend frå m.a. Folk Flest, sikrar deg gåsehud



med sin "O helga natt" og fleire av dei største juleklassikarane. Gunn dryssar julestemning med versjonar av dei mest kjende nye julesongane, og sin eigen julelåt "Heim til deg", som har vore spelt mykje på P1 over heile landet, medan Kari

gjev deg den førjulsroen du treng med tradisjonsstoff frå folkemusikk og salmar.

Med seg har songarane erfarne musikarar som Inge Ronny Kvåle på strengeinstrument, Bjørn Tore Årøy på tangentar, Gjest Ingeson Kvåle

på gitar, John Børge Askeland på bass, og Trond Øyre med lyd- og lysdesign.

I år kjem Julesong tilbake til Aurland med ein konsert som er sett saman av songar som høver til advents- og førjulstida. Det unike med Julesong er nettopp variasjonen blant våre tre songarar og i programmet, slik at konserten byr på noko for ein kvar. Saman framfører songarane også duettar og songar i lag, som gjev lys og varme i den mørke desembertida.

Set av kvelden og kom i julestemning i år du òg!

Nytt konfirmantår og «gamle konfirmantar»!

Kyrkjelydane i Jølster har tradisjon for å starte konfirmantåret i kyrkja om hausten, og då òg samle dei konfirmantane som har 50-års jubileum. I år var dette søndag 24. august kl.11 i Helgheim kyrkje, og same dag kl.14 i Ålhus kyrkje. Under

vil de sjå nokre bilde frå denne gudstenesta. Vil har skrive namna på dei 50-års konfirmantane som var der, men dei nye konfirmantane får de grunne på fram til våren.

50 års konfirmantar Helgheim kyrkje



Namn på 50-års konfirmantar i Helgheim sokn.

Bak frå venstre:

Kjell Nedrebø,
Vidar Halland, Jens
Ole Årdal, Ove
Erikstad,
Svein Ness,
Leif Arne Åsen,
Ansgar Fonn.

Midtrekka:

Knut Bolset,
Ingeborg Sunde
Yndestad,
Anne Marie Bolset,
Inger Johanne
Dvergsdal Fonn,
Oddvin Øygard.

Fremste rekka:

Jon Fossheim,
Unn Skrede,
Gunnhild Sunde.

50 års konfirmantar Ålhus kyrkje



Bak frå

venstre:

Noralf Sandal,
Leif Agnar Berg,
Magne
Solheimsnes,
Arild Ove
Bruflot.

Framme

frå venstre: Anna
Margit Grindheim,
Anne Karin Ålhus,
Kirsten Helen
Flaten,
Rolf Eikås,
Silje Sørrebø.

EIN Plass FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster

VI INVITERER TIL DESSE TRUSOPPLÆRINGSSAMLINGANE

for born og ungdom til hausten. Nokre gongar er det påmelding.

- Søndag 28. september
kl. 11.00
Hausttakkefest med
invitasjon til 5-åringar i heile
Jølster.
- **18. oktober Samling
for 4-åringar:**
kl.10.00 på Vassenden
kyrkjesenter og kl.13.00 på
Skei misjonshus
- **19.10:Familiegudsteneste**
med utdeling av 4-årsbok;
kl.11.00 på Vassenden
kyrkjesenter og kl.14.00
i Helgheim kyrkje (også
bok til 6 – åringar)
kl. 14.00 på Vassenden
kyrkjesenter
- **7. november**
Samling for 2- og 3-åringar
med dueslepp kl.10 i
Helgheim kyrkje
- **8.-10. november**
Lys vaken-leir på Vassenden
kyrkjesenter for 5.- og
6.-klassingar
- **24. november**
Måndag etter skuletid: Samling
for 6-åringar i Ålhus sokn på
Vassenden kyrkjesenter
- **1. desember -**
1. søndag i advent:
Familiegudsteneste med
utdeling av 6-årsbok på
Vassenden kyrkjesenter kl 11.00
og lysmesse med konfirmantar
og speidarar kl . 20.00
- **3. juledag:**
Juletefest på Skei misjonshus
kl.17.00.
- **4. juledag:**
Juletefest på Vassenden kyrkje-
senter kl.17.00.

AV FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM HAR VI:

- **VaBa-klubb** på
Vassenden kyrkjesenter
annakvar tysdag
(partalsveker) kl. 17.30 –
18:30 - 4 år og oppover
- **Babysong** på
Vassenden kyrkjesenter
annakvar
måndag kl 11
(oddetalsveker)
- **Torsdagsklubb** på
Skei misjonshus
- kl.17.30 – 18.45 annakvar torsdag
(partalsveker)
– 4 år og oppover
- Barnegospel etter skuletid
(annakvar veke på Skei skule og på
Vassenden kyrkjesenter) – 3. klasse
og oppover
- **Speidargruppe** på Skei onsdagar
på Skei misjonshus - 6. klasse og
oppover
- **Klubbkveldar** på Vassenden
kyrkjesenter for konfirmantar

Sjå www.kyrkja.no/jolster for informasjon når det nærmar seg.

Hjarteleg velkomen!

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14.00 i stova på

**VASSENDEN
OMSORGSSENTER**



Komande samlingar

tysdag 23. september kl. 14.00.

Det kjem informasjon frå
Kyrkjekontoret seinare om
datoar for resten av året.

Alle er velkomne!

Helsing

fung. sokneprest Geir Sørebo
og organist Rune Molvik

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 16.30 i stova på

SKEI OMSORGSSENTER



Komande samlingar

tysdag 23. september kl. 16.30.

Det kjem informasjon frå
Kyrkjekontoret seinare om
datoar for resten av året.

Alle er velkomne!

Helsing

fung. sokneprest Geir Sørebo
og organist Rune Molvik

Tidebøn og open kyrkje

VASSENDEN KYRKJESENTER

Kvar tysdag kl. 11.00,
unnateke dersom gravferd.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!

Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølsterholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

6843 SKEI



EIN SMAK AV TRADISJON

frå Anne Grete og Hilde

Søgnasand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP PRIX SKEI

Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21

Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei

TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no



Støfringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no



6847 Vassenden



www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde AS
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook



Bilelaget A/S

Erlend Slåtten

Slåtten Grind & Laft

**TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?**

Nokre som ringar tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT





SEPTEMBER

LAURDAG 06.09.

Vassenden kyrkjesenter kl.15.30
Gudsteneste med biskop Ragnhild Jepsen. Gudsteneste ifb. med Bjørgvin samtalen (Inspirasjonssamling)

SØNDAG 07.09:

13. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Vassenden kyrkjesenter kl. 11.00
Gudsteneste

SØNDAG 14.09:

VINGARDSSUNDAGEN
Helgheim kyrkje kl.11:00
Gudsteneste

SØNDAG 28.09:

16. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Skei kl.11.00
Hausttakkefest på Speidarplassen på Skei. Invitasjon til 5- åringar.

OKTOBER

SØNDAG 12.10:

18. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Vassenden kyrkjesenter kl.11.00
Gudsteneste i høve jazz på Jølst

SØNDAG 19.10:

19. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Helgheim kyrkje kl.14.00
Familiegudsteneste. Utdeling av bok til 4- åringar og 6- åringar i Helgheim sokn

SØNDAG 19.10:

19. SUNDAG I TREEININGSTIDA
Vassenden kyrkjesenter kl.11.00
Familiegudsteneste med utdeling av 4-års bok i Ålhus sokn

SØNDAG 26.10:

BOTS- OG BEDEDAG
Helgheim kyrkje kl.11.00
Gudsteneste

NOVEMBER

SØNDAG 02.11:

Helgemessesundag
Ålhus kyrkje kl.11.00. Minnegudsteneste

SØNDAG 09.11:

22.sundag i treeiningstida
Lys Våken gudsteneste
Vassenden kyrkjesenter kl.11.00

NOVEMBER

SØNDAG 16.11:

23. sundag i treeiningstida
Helgheim kyrkje kl.11.00
Gudsteneste

LAURDAG 29.11

Helgheim kyrkje kl. 18.00
Konsert : Julesong med Gunn Kvaale og Inge Ronny Kvaale m.fl.

SØNDAG 30.11:

1. søndag i adventstida
Ålhus kyrkje kl.11.00
Familiegudsteneste, med utdeling av 6-årsboka i Ålhus sokn

SØNDAG 30.11.

1. søndag i adventstida
Helgheim kyrkje, kl.19.00
Lysmesse. Konfirmantane deltek

DESEMBER

SØNDAG 07.12

2. søndag i adventstida
Førde Grendahus (Førs) kl.11.00
Adventsgudsteneste

SØNDAG 14.12

3. søndag i adventstida
Vassenden kyrkjesenter kl.11.00
Gudsteneste

24.12 Julaften

Helgheim kyrkje kl.14.00
Familiegudsteneste
24.12 Julaften
Vassenden kyrkjesenter kl.16:00
Familiegudsteneste

25.12 Juledag

Ålhus kyrkje kl.12.00
Høgtidsgudsteneste

28.12 Sundag etter jul

Helgheim kyrkje kl.11.00
Dåpsgudsteneste, dersom dåp (følg med på heimesida)

Døypete



ÅLHUS SOKN:

03.08.25 David Romanenko Popov
(døyppt i Helgheim kyrkje)

Vassenden kyrkjesenter:

29.06.25 Tomine Bolset
29.06.25 Trym Stokke Holmelid
29.06.25 Viktor Stokke Holmelid
HELGHEIM SOKN:
29.06.25 Tomine Bolset
(døyppt på Vassenden kyrkjesenter)

Helgheim kyrkje:

13.07.25 Ask Årdal
03.08.25 David Romanenko Popov
24.08.25 Sander Hole Rasmussen

Vigde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje:
16.08.25 Roseden Basa og
Mikael Andre Andersen
23.08.25 Jeanette Engen
og Tom Andre Helmen
HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje:
21.06.25 Linn Louise Didriksen
og Kristoffer Frøyen
05.07.25 Kristina Juklestad
og Ole-Martin Tvedt
30.08.25 Tone Therese Farsund
og Carl-Ivar Klovning

Gravferder



ÅLHUS SOKN:

Ålhus kyrkje/ Ålhus kyrkjegard
29.07.25 Kai Helge Anderson Aalhus

Vassenden kyrkjesenter:

Ingen gravlagde i denne perioden.

HELGHEIM SOKN:

Helgheim kyrkje/ Helgheim kyrkjegard
27.06.25 Johan Dvergsdal
04.07.25 Nils Olav Helgheim

Song mot haust

Også i år vart det bede inn til gudsteneste «Song mot haust», der ein sender innbyding ekstra til dei som gjerne ikkje har så lett for å komme til kyrkje. Ein legg

opp til litt ekstra oppdekking i kyrkja med langbord i midtgongen, der ein kan sitte og slappe av ei stund etter gudstenesta, og prate eller lyde til prat.

I år var det organist Rune Molvik og blåsar Anne Turid Taklo som stod for underhaldning med musikk, og så spelte dei til salmane som vi song saman. Som

de ser av bilda, hadde vi ei hyggeleg stund, om ikkje så lang.

Tekst: Hildegunn Huus

Bilde: Steinar Dvergsdal



Fred på jordi!

Fred på jordi er det ord
Engleskaren kvad i kor
Fred på jordi alle stadar
Fred i vest der soli glader,
Fred i aust der soli renn.

Fred i landet, fred og trygd
Fred i by fred i bygd.
Freden lyser Herren ande
Inn i kvar den heim i landet
Fred frå Herren, Herrens fred.

Fred i hjarta, Herrens fred
fylle alle barmar med
Fred åt alle trykte hædde
Sjuka, hjelpelause redde
Fred i hjarta, Herrens fred.

Tekst: Anders Hovden

